

Vinje - hyperaktuell

I 1863 gav ein norsk forfattar ut ei bok i Edinburgh med tittelen *A Norseman's Views of Britain and the British*. Det er tre grunnar til at denne bokutgivinga er interessant.

For det første: han som gav ut boka, er Aasmund Olavsson Vinje. Overraskande, kanskje – for ingen andre av dei norske diktarane gjer noko slikt. Og det er kanskje heller ikkje slik vi tenkjer oss Vinje, han med kjensleware dikt («No ser eg atter...») og lødig journalistikk (med «Ferdaminne» og «Grauten på Grut»), men på norsk, på Aasens mål, i ei tid då skriftspråket enno var dansk.

Dessutan, på 1800-talet reiste norske diktarar og kunstnarar først og fremst til Tyskland. Tyskland var landet og språket var tysk. Frå Camilla Collett til Ibsen og Garborg. I så måte er det originalt når Vinje reiser på studietur til England og Skottland, tidleg på 1860-talet, og skriv bok om Storbritannia og britane.

For det andre: det er interessant å sjå kva han ser og kva han framhevar. Til dømes, skilnader mellom England og Skottland. For Englands del, fattigdom på den eine sida, og pengemakt og adelsmakt på den andre. For Skottland, på den eine sida, høg allmennutdanning og ein særeigen reformasjon, på den andre, småbøndene på høglandet som med makt vart kasta ut frå gard og grunn, for å gi plass til sau og ullproduksjon, som var meir profitabelt for den framveksande tekstilindustrien – den såkalla «Highland Clearance». Men alt i alt, eit meir positivt inntrykk av Skottland enn av England. Uansett, eit interessant tidsbilde av øysamfunnet i vest.

Kanskje er det noko å lære av dette: ei påminning om særdrag i skotsk samtidshistorie, t.d. om korleis skottane «oppfann den moderne verda» (jf. boka *How the Scots Invented the Modern World*, Arthur Herman, 2001): James Watt og dampmaskina, Adam Smith og kapitalismen, David Hume med bidrag til opplysningsfilosofien, og David Livingstone som eksponent for vestleg kolonisering av andre kontinent.

For det tredje: Boka er interessant, ikkje berre for det Vinje seier om Storbritannia og britane, men også med tanke på dei implisitte føresetnadene for det han seier. Ei bok på 168 sider, på eit klassisk engelsk (han takkar språkvaskaren i forordet), men med to særdrag: Boka består av 16 brev, som alle er stila til J. Welhaven, professor i filosofi ved universitetet i Christiania. Kvifor Welhaven? Var ikkje Vinje ein Wergeland-fan, ikkje ein som stod Welhaven nær? Men Welhaven er professor i filosofi, det gjevaste faget på Det konglege Frederiks universitetet, embetsstandens høgborg.

Dessutan, korleis presenterer Vinje seg, på førstesida i denne boka. Som «A. O. Vinje, Advocate before the High Courts of Justice, Christiana [sic]». For, Vinje hadde embetseksamen – i motsetning til dei fleste norske diktarane på 1800-talet, Ibsen og Bjørnson medrekna. Juridisk embetseksamen – liksom den ti år eldre Anton Martin Schweigaard, som Vinje kritiserer for å vere ufilosofisk og antifilosofisk, i ein nekrolog på 70 sider, trykt i Dølen våren 1870. Ikkje berre juridisk embetseksamen, Vinje framhevar at han er advokat, ved høgre domstolar i Christiania.

Med andre ord, for britiske lesarar framstår «A Norseman's Views» som ein tekst stila til ein sentral person i det norske embetsverket, forfatta av ein person som yrkesmessig høyrer heime i dette embetsverket.

Men samtidig, i eit 6-siders vedlegg, gjer Vinje det klart at han står i, og stør, den norske folkelege tradisjonen med vekt på «the Norse language».

Kort sagt, i denne boka talar han på same tid ut frå den meritokratiske universitetsutdanna norske embetsstanden og den opplyste norske folkekulturen. Det er med dette tvisyn han ser på det britiske samfunnet. Dette er blikket som ser, i «A Norseman's Views».

Men då blir det interessant, også for oss, i vår tid: Kva er *vi* og kva er *dei*, kva er likt og ulikt, hos oss og hos dei på dei britiske øyane?

Etter siste verdskrig har vi i stor grad gått ut frå at vi har mykje til felles med britane – særleg med britane. Og i tillegg, også med nordamerikanarane. Som krumtappen i den vestlege verda! Vi deler verdiar med dei, blir det sagt, i media og på politisk hald.

Men tru det? I alle fall, Vinje såg skilnader, i institusjonar og samfunnsliv. Bakgrunnen var denne: Hos oss dominerte ein universitetsutdanna embetsstand – særleg teologar og juristar,

i kraft av ein embetseksamen; og som prest måtte ein lære gresk, latin og hebraisk; det er ikkje medfødt, heller ikkje arveleg. Kontrasten til ein arveleg adel er slåande.

Dessutan, hos oss, etter 1814, var adelen i praksis ikkje-eksisterande. Etter 1821 formelt avskaffa.

Embetsmennene var heller ikkje rike. Både Welhaven og Schweigaard voks opp under nøysame kår. Lønner og pensjonar var moderate, ikkje minst i forhold til andre land. Og som professor og politikar la Schweigaard vekt på å føre eit nøkternt og nøysamt liv; det blir omtala og framheva som rosverdig av Vinje.

Altså, ikkje arvelege posisjonar; ikkje rikfolk og pengemakt.

Er det å undrast over at Vinje reagerte, mot adelsmakt og pengemakt, slik han opplevde det i Storbritannia tidleg på 1860-talet?

Så er det dei folkelege rørslene hos oss, frå tidlege på 1800-talet og framover, med Hans Nielsen Hauge i spissen – med sjølvorganisering og folkeopplysning og med Stortinget som gravitasjonssentrum for offentleg meningsutveksling og politisk strid. Her høyrer Vinje heime. Også her.

Er det å undrast over at han såg med sympati på den relativt høge allmennutdanninga hos folk flest i Skottland? Og med ein reformasjon nedanfrå (som hjå John Knox). Men utan odelslov, og derfor verjelause i møte med profittinteressene.

Så er spørsmålet: I vår tid, med spenningar mellom USA og Europa, og mellom Storbritannia og EU, kor står så vi, her i Skandinavia, her i Noreg?

For Vinje var Storbritannia interessant. Eit studium verdt. Men samtidig såg han skilnader og spenningar, sett ut frå norsk samfunnsliv og norske institusjonar. Han såg det klarare enn mange har gjort i ettertid, heilt fram til våre dagar. I så måte er dette eit aktuelt skrift.

Så kan ein innvende at det var den gong, ikkje no. Ting har endra seg! Også hos oss. – Sant nok. Men ikkje heilt. Dagens «norske modell» er neppe forståeleg utan den lange historia, dei stridige læringsprosessane og dei institusjonane og organisasjonane som har forma oss.

Den påstanden står eg for. Med gode argument, vil eg meine – slik eg m.a. har argumentert i boka *Norsk og moderne*, frå 2010.

Kort sagt, boka til Vinje er aktuell, hyperaktuell – i den pågåande diskusjonen om forholdet mellom globalisert kapitalisme og statlege institusjonar, anten det er hjå den tidlegare «nykonservative» samfunnsvitaren Francis Fukuyama, som no, i boka *Political Order and Political Decay* frå 2014, går inn for kompetent og lojal statsforvaltning (i tillegg til rettsstat og demokratisk maktbalanse, med målsetjinga om å bli som Danmark: «getting to Denmark!»), eller sosialdemokraten og filosofen Julian Nida-Rümelin, som med boka *Über Grenzen denken* frå 2017, og som leiar av eit prosjekt om «internasjonal rettferd og institusjonelt ansvar» (i regi av vitskapsakademiet for Berlin og Brandenburg), argumenterer for statlege ordningar, eller Harvard-økonomen Dani Rodrik, med boka *Straight Talk on Trade*, frå 2017, som forsvarar (nasjonal)staten mot «hyper-globalisering».

Så når vi igjen og igjen har lesi dikta, sunge songane, kost oss med essayistikken, og humra over journalistikken, kan vi kanskje ta oss tid til å sjå på denne merkelege boka av Aasmund Olavsson Vinje: *A Norseman's Views of Britain and the British*, utgitt i Edinburgh i 1863. Norsk omsetjing 10 år seinare, posthumt.